



Audun Eik tala ved minnesmerket på Stemneplassen 17. mai i fjor. Til høgre programleiar Erlend Moen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Hans Kristian Rød vil vita meir om soldatar frå Uskedalen som tok del i den siste krigen. Namna deira er samla i boka Kvinnheringar i krig av Jørgen Markhus.


Boka kan kjøpast på vanleg måte i bokhandelen. Det vert i desse dagar førebudd eit sal på boka til sterkt redusert pris. Boka kan sendast med dei portoutgifter det medfører. I boka 'Kvinnheringar i krig' er det ein kort oversikt over alle som på ulike måtar var aktive i krigshandlingar, i handelsflåten og i illegalt arbeid

Av krigsminne elles frå Uskedalen vil vi ta med:

- * Utstillingen frå fredsjubileet i 1995 er videodokumentert. Her var Kåre Rød omtala. Det meste av gjenstandane på utstillingen var lånt og er levert attende. Skriftleg tilfang og bilete er tekne vare på.
- * Minnesmerke på Stemneplassen med namnet til den eine frå bygda som miste livet - Hans L. Landa, tømmermann på Oslobåten 'Norse King', torpedert i konvoi julehelga 1942 ved Asorene.
- * Revolverkanon brukt i april dagane 1940, montert på lastebil, berga av Arne Myklebust og i dag utstilt i Uskedalen etter avtale med Marinemuseet i Horten
- * Arkivmateriale, avisartiklar, minnestoff, sjøforklaringar frå torpederingar m.m.

Vi vil gjerne gjera vårt til å få vita meir om Kåre Rød og hans livsgjerning. Det er viktig for bygdesoga og for familien.

Av Kristian Olav Bringedal



Jørgen Markhus skrev boka om kvinnheringar i krig. (Foto: Kvinnheringen)